Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 | Fylke: Vestfold

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Sande.

Emne: Ymse attåtfôr. | Bygdelag:

Oppskr. av: Andreas Ropeid | Gard:

(adresse): | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Hans Aasnæs, f. 1881 på Åsnes, bonde dr.

SVAR

I A og B
Ukjent

II A og B.
Ukjent
Hugsar at ein gamal postbærar frå Bekkestranda slo stås i elva nedanfor Åsnes i 1904ˣ, han bad endå til om lov til det. Han hadde pram med seg og skar med sigd. – Stås e godt fôr, men vart for tyrt.

III Kjenner vel til at kokt nesle vert brukt både til gris og høns. Det vert delvis brukt endå. Nesle e eina framifrå eggekvitteplante.

IV Under det store turkeåret 1904 heldt fylkesagronom Skår foredrag i Sande Landbruksslag. Då nemnde han at hestemøkk kunne brukast som fôr, men det vart inkje vel motteke. Ein gamal gubbe sa: „Nå får jeg skal gi kyrne hestemøkk, får skal jeg slå den ihjel."

V. 1-3 Kua fekk hakkels, hesten fekk sørpe.

ˣ svært tørrår

9627

Det var heilt vanleg før å skjera halmen opp. Eit par mann hadde dagsarbeid med det ein gong for vika, brukte hestevandring. Hakkelset vart lagt i troa eller renna og dynka med vatn; det vart gjort om morgonen for kvelden og om kvelden for morgonen att. Så slo dei litt mjøl på før dei slapp opp for kua. På husmannsplassane fekk kua hakkelset i „sørpe-bøtter" opp til ca. 1914. Dei var av tre, tok 20-25 l., hadde to handtak og vart sett opp i båsen. Hesten fór sørpe. Det er hakka halm eller fröhalm etter grasfrö-avlen. Den vert laga til i troa som hakkels til kua, men rört om med greip o. l. Brukt enda, er framifrå hestefôr.

4. Kona mi har ofte sanka ihop litt rognebær til hönsa. Nokon annan bruk av rognebæra kjenner ikkje H. Aa.

5-6. Mask og drank er det vanskeleg å få taka i; det har nok heude vore brukt i övre Sande.

7. H. Aa. har höyrt av ei gamal kone „nedi plassane" at dei kokte låg til dyra i gamle dagar. Sjölv kjenner han bare kvitskelåg til vask.

VI

Det har vore brukt litt sild av og til, men ganske lite.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9627